

## Opplysningar om garden og drifta

Gerd og Ola Verhaugen er i 40 ára og driv ein sauegard i ein dal på Austlandet, 500 m.o.h. Båe to har deltidsjobbar utanom garden. Dei er difor travle sauebønder, som så mange andre som driv med sau. To døtrer i tenåra er også flinke til å hjelpe til når det står på som verst.

Garden består av 200 mål fulldyrka eng, 40 mål med godt beite og 30 mål med dårleg beite. Halvparten av den fulldyrka jorda ligg tre km frå garden og blir ikkje beita. Desse jordene blir hausta to gonger. Resten av jorda ligg rundt garden og blir beita vår og haust og hausta ein gong. Graset blir hausta i rundballar. 1. slåttan på jorda som blir hausta to gonger, er det fôret som Gerd og Ola brukar til høgdrektigheits- og lammingsfôr. Dei prøver å fortørke til ca 30 % tørrstoff på rundballesurfôret sitt.

Fjøset består av ein eldre isolert del, med fôrgang, stikkfôrbrett og drenerande golv (plastikk og strekkmetall) med plass til 80 søyer. Her står åringane fyrste del av innfôringsperioden. Resten av søyeflokken står i eit uisolert tallefjøs. Her er dei delt i to grupper. 1 ½ åringane er ei gruppe og dei vaksne søyene i ei anna gruppe. Her blir søyene fôra i rundballehekk og kraftfôrkrybber. Påsettlam blir sett inn ca 1. oktober og får ca 0,7 kg formel sau og appetittfôring med grovfôr. 1 ½ åringane blir sett inn ca 10 dagar seinare og får ca 0,3 kg Formel sau i tillegg til appetittfôring med grovfôr. Resten av søyene går på haustbeite og etter kvart rundballesurfôr, før dei blir sett inn i midten av november på appetittfôring med rundballesurfôr. I slutten av februar kjem fosterteljaren. Da blir søyene omgrupperte slik at alle søyer med 3 eller fleire fostre blir sett inn i det isolerte små-bingefjøset. Søyer med to og eit foster går ute i den uisolerte delen. Alle søyer byrjar nå å få kraftfôr som gradvis blir auka opp til ca 0,5 kg pr søye med trillingar og meir i tillegg til appetittfôring med det beste og tørraste grovfôret, litt mindre på dei med eitt og to foster. Etter lamming får alle søyer 0,5 kg kraftfôr to gonger om dagen. Søyene har tilgang på saltslikkestein heile innefôringsperioden. Målet er maks 14 dagar innefôring etter lamming. Da blir søyene sleppt på vårbeite og får i tillegg litt tilskot av Formel sau grov fram til slepp på utmarksbeite frå ca 1. juni og utover.

Utmarksbeitet ligg frå 850-1100 m.o.h. i eit fjellbjørkeskog-område. Søyene blir sleppte i småpuljar på ca 11 søyer med lam, til sju ulike saltstein -plassar i beiteområdet. Det er kongeørn i beiteområdet, elles er det førebels lite rovdyrta.

Gerd og Ola er vêreringsmedlemmer. Det betyr at dei plukkar påsettlam mest på grunnlag av O-indeks, men dei ser også på kor haldbare mødrene til aktuelle påsettlam er. Til bedekking bruker dei prøvevêrar frå vêringen, litt elitevêr og mykje semin. Dei gjennomfører brunstkontroll med "snusevêr" to gonger i døgnet i paringstida.

For å halde kontroll på innvortes parasittar, så blir alle søyer behandla med parasittmiddel ved innsett. I tillegg blir alle lam behandla ved slepp på utmarksbeite. Søyene blir vaksinerte mot pulpanyre om våren.

Dei vaksne søyene blir klypt rundt 25. september. Påsettlamma og 1 ½ åringane blir klypte ved innsett. Vårklyppen blir gjort rundt 20. mars.

I lamminga prøver ein å fylgje desse rutinane: Søyer med 1 eller 2 lam får eigen lammingsbinge i 2 døger, søyer med 3 lam får eigen lammingsbinge i tre døger. Ein prøver å fylgje opp slik at alle lam får i seg råmjølk og alle navlestrenger blir spraya med jod. Etter dette blir søyer og lam sleppt i fellesbingar, til dei blir sleppt på vårbeite. I lamminga er det folk i fjøset til ca kl 01.00 om natta. Alt frå kl 23.00 dempar dei ljøset i fjøset og prøver å få søyene til å roe seg. Frå kl 01.00-05.00 er det ikkje tilsyn.

Sankinga om hausten startar 1. september. Gerd og Ola er flinke med gjetarhund og har god hjelp av seks hundar i sankinga.

Dei er med i ein stor lammering og kan plukkslake kvar veke i september. Mot slutten av september går dei over til slakting kvar 14. dag til slaktinga er over. Når dei skal plukkslake, veg dei lamma. Vektgrensa for slakting er 42 kg for søyelam og 45 kg for vêrlam. I tvilstilfelle blir også feittmengda på ryggen vurdert. Slaktelamma under 38 kg blir sluttføra på proteinrike grønnfôrbeite som raps eller raigras. Lam over 38 kg blir sluttføra på gjenvekst av vanleg graseng. Når desse beita ikkje har god nok kvalitet lenger utpå hausten, så supplerer dei med Formel Lam haust i tillegg.

### **Oppgåve 1)**

Gerd og Ola er ambisiøse sauebønder og ynskjer gjerne attendemelding på drifta si. Gå igjennom utskriftene frå Sauekontrollen og det du får veta om drifta på garden.

- a) Kva resultat kan Gerd og Ola vera fornøgde med og kvifor trur du dei har oppnådd desse gode resultatata?
- b) Kva resultat bør Gerd og Ola ikkje vera fornøgd med, og kva endringar bør dei gjera for å oppnå betre resultat? Lag gjerne eit reknestykke på kva dei vil tene på å fylgje råda dine, som ein ekstra motivasjon.

### **Oppgåve 2)**

Vedlagt finn du tre grovfôranalysar av grovfôret til Gerd og Ola. Korleis vil du vurdere kvaliteten på dette grovfôret? Innefôringstida blir gjerne delt inn i desse periodane: lavdrettighet, høgdrettighet og lamming. Har du noko meining om når i innefôringsperioden dei bør bruke i dei ulike grovfôrslaga?

### **Oppgåve 3)**

Gerd og Ola leverer slaktedyra sine til Nortura. Dei grunngjev dette med at:

- Nortura er garantisten for eit landbruk over heile landet
- Nortura betaler det dei kan, medan andre mottakarar av slakt betaler det dei må
- Nortura kjøper slaktedyra deira, uansett overskot eller underskot av slakt
- Nortura gjer det meir interessant å vera sauebonde, med å bidra til eit godt produsentmiljø og fagleg utvikling

Kva er spesielt med Nortura som gjer at dei seier dette?